



Ei gruppe frå Tsjekkia har i dag vore på Englafjell og Manen. Her er dei fleste i gruppa samla ved bussen etter avslutta tur.

Fjellgruppa Alpina frå Tsjekkia var i dag på tur til Englafjell og Manen. Gruppa på 42 delte seg i om lag to like store grupper der den eine valde Englafjell og den andre Manen. Turen gjekk samla inn Eikedalen til Eikehytta ved Jorsvatn der ein skilde lag. Alle 42 kom ned på Padlane og vart plukka opp av bussen i Fylkesvegen ved Padlaporsen.

Turoperatøren Alpina frå Tsjekkia har spesialisert seg på turar i Noreg. På denne turen bur gruppa på Sundal Camping og brukar fjella aktivt i Kvinnherad i ei veke. Uskedalsfjella er alltid med på programmet deira.

Sjølv om veret ikkje var det beste i dag, er alle godt nøgde med turen. Det er fantastiske fjell i Uskedalen og turleiaren lovar å koma tilbake med nye grupper neste sommar.

Dei nytta høve til å få fram at urkjelda til øl finn du i Plzen nokre mil sør- vest for Praha. Mange er godt kjende med Urquell pilsen med fyrste bryggeår i 1842. Som takk for den interessa Uskedalen.no synte, fekk redaktøren med ein boks Pilsner Urquell med ein alkoholstyrke på 4,4 volumprosent.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal